



Pedagogisk og tolmodig lærer dirigent Tor S. Olsen musikarane triks for korleis dei kan lese vanskelege rytmar.

**Skulemusikken har svært god vind i segla for tida. Både det musikalske og det meir organisatoriske fungerer svært godt, og første helga i april resulterer dette i ei storsamling for alle dei tre skulekorpsa i kommunen. Med det musikalske som hovudingrediensen saman med kjekke sosiale aktivitetar vert dette eit kjærkome løft for skulekorpsa i kommunen vår.**

Husnes skulekorps hadde ei liknande samling i fjorårssesongen. Den var så vellukka at den no vert fulgt opp dette året. Leiar i skulemusikken, Haldis A. Åkra fortel at dei er godt i gang med planlegginga av årets samling. - Styret tar seg av det organisatoriske, medan vi er heldige som har Tor Skeie Olsen som dirigent, og han har tatt på seg ansvaret for at den musikalske delen skal verta best mogeleg. Til arrangementet denne helga kjem vi til å bruka Aktivitetshuset, skulen og Helgheim. Hvis det er behov for meir, har vi og Gamleskulen i bakhand, fortel Haldis som representant for eit engasjert og godt styre.



Både bakrekkja i kornettgruppa og resten av korpset er i flott utvikling

Sjølv om alle detaljar ikkje er på plass enno, kan ho fortelje at innimellom mykje kjekk øving, vert det plass til festmiddag med underhaldning og diskotek laurdagskvelden. Søndag ettermiddag vert det konsert, og det vert ein godbit for alle musikkinteresserte kvinnheringar.

Dirigent Tor Skeie Olsen kan supplere med at det musikalske er i dei beste hender. Han der nemleg svært glad for at han har fått Yngve Nikolaisen til å ha det musikalske ansvaret for helga, og han kjem i spissen for ei rekkje dyktige instruktørar. - Han har vist i mange samanhengar at han er noko av det beste vi kunne få tak i, seier den fornøgde dirigenten og viser til det gode arbeidet han har gjort i korpssamheng, og ikkje minst med skulekorpssmusikantar.





Allereie god trøkk i trombonistane som starta på trombone sist haust.

Yngve gjorde sitt første inntog her i bygdene skuleåret 1985/86 då han jobba i Kvinnherad Musikkskule. Dessverre for Kvinnherad, vart han berre eit år før han flytta til Tysnes og vart rektor i musikkskulen der. På Tysnes er han framleis og har gjort ein formidabel innsats for musikklivet;- ikkje berre som korpsmann og rektor, men og som kordirigent og organist for å nemne noko. Han har arbeidd mykje med skulekorpsmusikarar, og har mykje erfaring både som ansvarleg for NMF sine populære sommarkurs, og ein del år som musikalsk ansvarleg for Karmøy Brassfestival der dei 3 Kvinnherads-korpsa har delteke på ein del ganger. Han har dirigert både vaksenkorps og skulekorps på ulike nivå; - frå elitenivå og nedover, og han løyser alltid oppgåva svært godt. Siste 2 sesongane har han m.a. dirigert Rosendal Musikklag i periodar.

Skulemusikkleiar Haldis Åkra er svært glad for at dei kan få til denne samlinga. Derfor er ho og resten av styret svært takksame for at Sparebankstiftinga Kvinnherad har støtta opp om prosjektet med 60.000 kroner. - Utan den flotte støtta hadde det ikkje vore mogeleg å få dette til, avsluttar ho.

Etter å ha vore på deler av skulemusikkøvinga denne veka, er eg imponert over utviklinga i korpset. Lydhøyre og disiplinerte tar musikarane mot det dirigenten tolmodig formidlar. Slik har han bygd opp att korpset stein for stein. Stadig tar dei nye og større steg framover. Då eg var innom var Ylvis-klassikaren The Fox og Michael Jackson-slagerar på repertoaret. Men på den gode klangen i instrumenta var det og lett å høyre at hymnespeling og heimeøving er sentrale element i arbeidet. Og bak den dyktige dirigenten og dei ivrige musikarane jobbar styret og foreldregruppa svært godt! Skulekorpssamlinga 4.-6.april vert eit resultat av dette.



Slagverksgruppa er heldige som har ein dyktig læremeister i Sindre Aksnes.

Av: Thor Inge Døssland.